



OPUS BERGEN AS
Strandgaten 59
5004 BERGEN

Dato: 16.03.2017
Vår ref.: 2017/1634-6
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Varsel om oppstart av detaljregulering- Mjåtveitmarka - gnr 22 bnr 85 m.fl - Meland kommune

Vi viser til brev datert 16.02.2017 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Mjåtveitmarka. Hovudføremålet med reguleringa er bustadføremål. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiling.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknader på noverande stadium i planarbeidet når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

Samferdsel

Planområdet ligg nær kollektivtilbod og påkopling til fylkesveg vil skje via eksisterande utkørsel. Samferdselsavdelinga minner om at «Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest» legg føringar for byggegrenser ved fylkesveg.

Vidare må planarbeidet leggje vekt på trafikktryggleik for mjuke trafikantar med særskilt fokus på trygg skuleveg.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <http://www.hordaland.no>.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på kulturmiljø og samferdsel.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Meland kommune